

#### 4. Andre sitt syn på søknadene

Gloppen kommunestyre 22.02.2016. (alle vedtak i samsvar med innstilling frå MULTEK-utvalet)

##### Solheim kraftverk

Gloppen kommunestyre kan ikkje sjå at tiltaket truar viktige naturverdiar eller er i strid med andre interesser og har ikkje innvendingar mot at det vert gjeve konsesjon for bygging av Solheim kraftverk. Solheim kraftverk er det einaste nye kraftverket i Hyen som ikkje er avhengig av ny kraftline frå Gjengedal.

##### Haugaelva kraftverk

Gloppen kommunestyre meiner omsøkt utbygging av Haugaelva i Eimhjellen har negative konsekvensar på opplevingsverdien av vassdraget, men at plasseringa er slik at dette likevel kan akseptast. Kommunestyret har difor ikkje avgjerande merknader til søknaden.

##### Øyrane kraftverk

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si saksutgreiing, men vurderer fordelane med tiltaket som klart større enn ulempene. Utbygginga vil framskaffe energi til ein svært konkurransedyktig pris og det lokale landbruket vil ha stor nytteverdi av dei planlagde transportanlegga. Ei monaleg strekning av Nipeelva vil renne urørt sjølv etter utbygging av Øyrane kraftverk. Kommunestyret viser også til ei tidlegare positiv innstilling til ny 132kV-linje gjennom området. Kommunestyret vil likevel be om at det vert gjeve konsesjon i tråd med alternativ 2; regulering av Røyrvikstøylsvatnet innafor naturleg vasstand.

##### Røyrvik kraftverk

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si utgreiing. Sjølv om det er kvalitetar i Røyrvikelva knytt til biologisk mangfald som vil kunne bli rørt av redusert vassføring i elva, er tiltaksområdet såpass påverka at ei utbygging kan akseptast. Kommunestyret rår til at det vert gjeve konsesjon og legg til grunn at det i konsesjonsvilkåra vert kravd minstevassføring i Langevassgrova. Kommunestyret viser også til ei tidlegare positiv innstilling til ny 132kV-linje gjennom området.

##### Kaldeelva kraftverk

Utbygging av Kaldeelva kraftverk som omsøkt har negativ effekt på natur- og opplevelsesverdiane i området. Flytting av kraftstasjonen slik at Straumsbotnen vert meir skjerma burde vore eit utgreidd alternativ. Med dette som bakgrunn vil kommunestyret gå mot søknaden slik den no liggføre.

##### Ommedal kraftverk

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si tilråding. Kommunestyret finn at fordelane ved utbygging er større enn ulempene og at søknaden av den grunn må innvilgast, men forutset at det vert stilt krav om minstevassføring i Tverrelva.

##### Sesselva kraftverk

Gloppen kommunestyre meiner planlagt utbygging av Sessaelva kraftverk er lite konfliktfylt, men stiller spørsmål ved økonomien i utbyggingsplanane, og om ein i søknaden har teke tilstrekkeleg omsyn til naturfare.

##### Skorgeelva kraftverk

Gloppen kommunestyre har ikkje innvendingar mot at det vert gjeve konsesjon for bygging av Skorgeelva kraftverk, men vil peike på dei utfordringane som lokalisering av kraftstasjon med nærleik og kryssing av fylkesvegen og kraftlina som går like over området. Sjølv om elva i nedre deler er påstått forureina, vil ikkje forureininga vare evig og flytting av kraftstasjonen oppstraums vil føre avløpsvatnet tilbake til utløpsosen.

##### Rauset kraftverk

Gloppen kommunestyre viser til saksutgreiinga og meiner utbygginga av Rauset kraftverk i for stor grad er i konflikt med landskapsverdiane i samband med Fossehylene til at det bør bli gitt konsesjon.

##### Kvitfella II kraftverk

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si saksutgreiing, og stiller seg bak vurderingane. Kommunestyret har ikkje vesentlege innvendingar mot søknaden utanom at kraftutbyttet er svært lågt og at utbyggingsprisen difor er svært høg.

##### Traudalen kraftverk

Gloppen kommunestyret har ikkje innvendingar mot at det vert gjeve konsesjon for bygging av Traudalen kraftverk.

##### Langedalselva kraftverk

Gloppen kommunestyret har ikkje innvendingar mot at det vert gjeve konsesjon for bygging av Langedalselva kraftverk.